

Frå: Ketil Moldekleiv <ketilmold@gmail.com>
Send: fredag 11. august 2023 09:30
Til: Larissa Dahl
Emne: Re: Trong for fleire opplysningar i saka 23/4481

Hei

Har prøvd å ringe deg også.

Har du nå nok informasjon fra meg til å behandle søknader om tilbygg på vårt hus i Buheim 15.

Eller må jeg fremdeles søke som selvbygger. Har ikke hørt noe siden jeg sendte inn tilleggsinformasjon. Ut fra informasjon jeg får fra veilederen, mener jeg dette skulle være innenfor som tilbygg og ikke påbygg.

Mvh Ketil Remme Moldekleiv

ons. 28. jun. 2023 kl. 13:34 skrev Larissa Dahl <larissa.dahl@alver.kommune.no>:

Vi stadfestar å ha motteke dykkar søknad i saka 23/4481 motteke 2.06.23. Viser til brev i saka 23/4482 om frittligjande bod, som kunne handsamast som unntak frå søknadsplikt.

Denne saka her gjeld tilbygg og påbygg til bustad på gbnr 137/622.

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sette i plan- og bygningslova med forskrifter. Det er trong for tilleggsdokumentasjon :

Slik du skrivar i skjema skal tilbygg nr.1 med bruksareal på ca. 13 m2 oppførast i 2.etasje, då er dette påbygg, ikkje tilbygg og krever ansvarleg søkjar. Evt. må du sende inn søknad som sjølvbyggjar.

Tilbygg nr.2 i 1.etasje har bruksareal på ca. 8 m2 og kan oppførast av deg. Vi savner målsatte teikningar både plan, fasade, snitt. Situasjonsskart må vise avstand til veg og nabogrense frå alle tiltak. Det er ikkje oppgjeve tomteutnytting i forhold til planføresegn. Om tilbygg nr.2 er i tråd med SAK §4-1 kan det også være fritak frå søknadsplikt, men vi savner grunnlaget for å vurdere dette.

Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søkjar/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida.

Du kan sende inn tilleggsopplysningar innafor 10.08.23.

MVH

Larissa Dahl | Rådgjevar Plan og byggesak

Tel. 46299457

E-post: byggesak@alver.kommune.no

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE

Ved ytterlegare spørsmål, ver venleg å ta kontakt med oss på innbyggjarservice. Informasjon om opningstider finn du på www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/treng-du-hjelp/ eller ved å ringe telefon 56 37 50 00.

Innsending av søknadar og anna dokumentasjon i saker skal sendast til post@alver.kommune.no